



Judith Eikevik
Kollåsen 54
5116 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15618 - 20/70081

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@alver.kommune.no

Dato:
04.11.2020

Krav om søknad om konsesjon for overdraginga av GBNR 99/4 Våge

Syner til brev frå Fylkesmannen i Vestland v/ seniorrådgjevar Terje Øvrebø, datert 15.september 2020.

I brevet vert det påpeika at overdraginga av gbnr 99/4 Våge i januar 2017 skulle vore konsesjonsbehandla sidan overdragar, Alf Eikevik, ikkje hadde sitt konsesjonsforhold i orden. Konsesjonsvilkåret om å busette seg på eigedomen innan 2 år jfr konsesjonssaka i 2013 var ikkje oppfylt. Overdraginga av eigedomen til kona, Judith Eikevik, skulle såleis vore konsesjonsbehandla.

Kommunen er godt kjent med årsaka til at plan om busetting framleis ikkje er realisert og har forståing for at konsesjonsvilkåret ikkje vart oppfylt av Alf Eikevik. Det var også bakgrunn for at underteikna fann det tilstrekkelig at ny eigar berre signere eigenerklærings skjema ved overføring av eigedomen mellom ektefellene.

Fylkesmannen har i nemnde brev og i telefonsamtale den 4.september 2020 gjort Alver kommune v/ underteikna merksam på at dette var ei feil tolking av konsesjonslova og bede om at det vert ordna opp i.

På bakgrunn av dette bed Alver kommune om at Judith Eikevik søker konsesjon for eit rettmessig erverv av eigedomen gbnr 99/4 Våge. **Frist for innsending av søknad om konsesjon vert sett til 4.desember 2020** jfr konsesjonslova §13, 1.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Mottakarar:

Judith Eikevik

Kollåsen 54

5116

ULSET